

–Det er rett å ta vare på dialekten sin

– Om dialekten ikkje lenger finst,
så er ikkje Skåbu lenger Skåbu.

Forskningsprosjektet

Deltakarar: 26 elevar ved
Skåbu oppvekstsenter.

Problemstilling: Kvifor har
skåbudiakten endra seg? Det
blei utforma 11 ulike hypotesar.

Metode: Spørjeundersøking
om gamle og nye dialektord.
Respondentane blei delte inn i
fire kategoriar etter alder.
Dei blei spurta om kvar dei kom
frå, og kva variantar av ord på
skjemaet dei faktisk brukte.

Konklusjon: Fleire nye ord har
komme inn i språket til respondentane
som var under 20 år. Rapporten
argumenterer for at denne målgruppa
er meir utsatt for språkleg påverkeleg
enn dei eldre gruppene. Rapporten
peikar på viktige faktorar som medie-
bruk og reising.

Prosjektet blei avslutta i 2012.

**Vi køyre vestover på heilt einsame
vegar, forbi Ljoshaugen, Slåstugu,
Tverrygda og Hågålykkja, før
vi endeleg får lokka ein gjeng
dampande elevar ut frå gymсалen
i Skåbu.**

Her, i Noregs høgastliggjande
bygdesamfunn, bur vinnarane
av fjarørets Nygjerrigpris i
kategoriene språk.

Kåffår ha Skåbu-dialekta forandra sê?

Når frostrøyken får lagt seg, har
vi alt blitt kjent med fleire av dei
prisvinnande språkforskaranane –
Simen, Ingrid, Sondre og Ruth. Ein
sprudlande formidlingstrong kjem
fram rundt bordet – bak ein stadio
kympande haug sjokoladekjeks og
raud saft.

– *Er de meir nygjerrige her i Skåbu
enn andre stader?*

– Ja, det trur vi absolutt, kjem det
kontant frå dei fire framstormande
forskaranane.

Ikkje alle hytteturistar frå
hovudstaden forstår Skåbudiakten
like godt når dei skal «tåla» med
dei lokale skåbuingane på butikken.

Ord som truleg er i ferd med å gå ut av Skåbu-dialekten

- Helvlalla - Dårleg, skral
- Meheinkje - Mygg
- Dusemang - Nedfor, trist
- Hafælle - Gjerde
- Spikjet - Kjøttmeis
- Otylé - Nifs
- Fjaske - Slurve
- Mierm - Hofte
- Stulk - Taus mann



Foto: Siv Dolmen

Unge språkforskarar i Skåbu. Sondre, Ingrid, Ruth og Simen.

– Det hender at vi må tilpasse
dialekten vår litt når vi snakkar
med turistar, seier dei.

Før brukte dei å kalle flaggermus
for «skinnvengje» her opp i Peer
Gynt-land. Det er det visst ikkje så
mange som gjer lenger, ifølgje den
profte forskningsrapporten, som har
fått det høvelege namnet: *Kåffår ha
Skåbu-dialekta forandra sê?*

Grundige grublarar

Det var i fjar vinter at elevane på
Skåbu oppvekstsenter gjekk på
vitksapeleg ordjakt i lokalsam-
funnet. Utstyrt med sjølvlagda
intervjuskjema, penn og metodisk
pågangsmot fekk dei talfesta kva
aldersgrupper som brukte kva slags
ord – gamle dialektord eller nyare
variantar.

Resultatet var ein empirisk
omfattande og metodisk solid
rapport på 47 sider, som konkluder-
te med at skåbudiakten har endra
seg. Mellom anna fordi det stadig
har kome inn nye ord utanfrå, men
og fordi folk er meir mobile og
reiselystne i dag enn tidlegare, eller
fordi gamle folk har teke med seg
snodige ord i grava.

– *Kvifor snakkar ein likevel så
særprega Skåbudiakten i dag då, når
det har vore så mykje gjennomfart?*

– Fordi Skåbu ligg litt høgare i
landskapet, fekk dei andre bygdene
vegsamband før oss. Slik vart deira
dialekt endra tidlegare, forklarar
dei.

– Då bestefar var liten, endra
språket seg. På den tida brukte
ein mann å vandre rundt med ein
strieseikk full av spanske appelsinar
til barna i Skåbu rundt juletider.
Det var då utlandet kom inn til
vesle Skåbu, forklarar Simen.

– Ikkje så farleg

– *Mange vil hevde at det ikkje betyr
så mykje i det store og heile om
dialektane endrar seg?*

– Det er rett å ta vare på dialekten
sin slik som han er, eller slik som
han var, kjem det firstemt rundt
bordet.

– Samstundes er det kanskje
ikkje så farleg at vi talar litt annleis
enn det dei gjorde for 200 år sidan,
då, modererer Ingrid.

– *Kor langt attende må ein gå for å
finne den mest ekte skåbudiakten?*

– 200 år, kanskje? Det var på den
tida sentrum i Skåbu var heilt nede
ved elva, og ikkje ved bensinstasjonen
(på «Bennsin»), slik det er

i dag. På den tida kom rike folk
fartande heilt fra England, Tyskland
og Frankrike for å jakte falk, seier
Simen.

– Verd å ta vare på

Gjennom heile den springande
samtalene, høyrer vi skuleklokka
ringe vekselvis inn og ut. No har
ho ringt for siste gong, og resten av
elevane, litt over 30 i talet, hustrar
seg mot skulebussen utanfor
vindaugen. Men forskarane rundt
bordet gir få teikn på å ville gå, sjølv
om det for lengst er tomt for kjeks.

– I Skåbu talar dei fleste
skåbudiakten, forutan ein gut, som
pratar ei blanding mellom totning,
Oslo- og skåbudiakten. Men han
tilpassa seg oss andre etter kvart –
friviljug, fortel dei.

– *Trur de skåbudiakten vil stå seg
betrre mot påverknad i framtida no
når de har funne ny kunnskap om
kvifor han endrar seg?*

– Eg har mine tvil. Folk reiser jo
så mykje til og frå no til dags, seier
Simen.

– *Kvifor snakkar ein likevel så
særprega Skåbudiakten i dag då, når
det har vore så mykje gjennomfart?*

og bygda framleis tek i mot mange
turistar?

– Fordi skåbudiakten er gammal
og fordi han er verd å ta vare på.
Om dialekten ikkje lenger finst,
så er ikkje Skåbu lenger Skåbu.
Dialekten gjer bygda til det ho er,
meiner Ingrid.

– Viktig med språkforskning

– *Trur de at forskinga dykker
kan påverke korleis andre verdset
dialekten sin?*

– Det kan jo føre til at folk på
til dømes Vestlandet tenker at «Oi,
dialekten vår held på å gå bort, vi
må prate meir dialekt!»

Både Simen, Ingrid, Sondre og Ruth
trur at deira born kjem til å snakke
annleis enn det dei sjølv gjer, men
Simen legg til:

– Det kan jo tenktast at
dialektbruken går i ein syklus også,
at det går nedover med dialekten i
eit par-tre generasjonar, før det får
ein oppsving igjen?

Den språklege optimismen
verkar vere stor i fjellbygda, med
litt over 380 husstandar. Dei

lovande forskarane kan fortelje at
dei fleire gongar har blitt stoppa
på butikken eller på gata av
sambygdingar som vil gratulere og
spørje kva dei har kome fram til i
forskinga si.

– *Etter all denne suksessen: Kunne
de tenkje dykk å forske meir på språk
når de blir vaksne?*

– Eg vil bli arkeolog. Det er jo litt
det same, seier Ingrid.

Sondre på si side, kan heller
tenkje seg å køre traktor, og har
planane klare for å ta lappen når
han blir 16.

– *Er det visse typar forsking som de
synest er meir nyttig enn andre?*

– Vi har forska på skåbudiakten,
og det er viktig. Men andre kan
gjerne få forske på kor mykje
bensin ein bil bruker, eller korleis
det er ute i verdsrommet.

– Begge delar kan vere viktig på
kvar sin måte, avsluttar dei.